



Dato 24.04.2017

Avtale om innfesting av flytebyggje til Knarvik nord kommunale kai gbnr. 121/43

Denne avtalen er oppretta mellom:

Lindås kommune – eining for teknisk drift
og
Knarvik Nord Båtlag v/John Gunnar Onarheim.

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
23 MAI 2018	
Ark. saksnr. 16/439	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Avtalen gjeld frå 01.05.2018 og 10 år fram i tid.

Føremål:

Avtale om innfesting av flytebyggje til Knarvik nord kai. Lindås kommune er eigar av kaia og Knarvik Nord Båtlag er brukar og eigar av flytebyggja. Plassar ved flytebyggja kan verte tildelt medlemmar av laget som har tilknytning til gardane Knarvik Nord/Hellestveit.

Plassering:

Flytebyggja og tilkomsten til denne, lokaliserast til nordre ytste hjørne av kaia. Det må være tilkomst med båt ved kaia i heile breidda. Flytebyggja leggast derfor med god avstand til kaia. Dersom kaia vert rehabilitert, flyttast dagens plassering noko mot nord, slik at det vert tilkomst for ein større båt i heile kaifrontens breidd. Sjå skisse.

Tillating:


Denne avtalen gjeld kun godkjenning for innfesting av flytebyggje. Båtlaget skal sjølv stå for søknadsprosessen for evt. utviding av flytebyggja. Per i dag er anlegget satt opp for 20 båt plassar.

Føresetnader:

Tal på parkeringsplassar må dekke minimum 25% og maksimum 33% av tal på båt plassar. Kaia skal ikkje nyttast til parkering eller som lagerplass. Det skal være snuhammar for lastebil ved enden av kommunal veg. Båtlaget deltek i enkelt vedlikehald av kaia i samarbeid med kommunen.

Skilting:

Kommunen skilter kaia med max tonn vektbelastning og evt. parkering forbode.


 LINDÅS KOMMUNE
 Teknisk drift VVA
 Lindås kommune v/Rune Kilen


 Knarvik Nord båtlag v/John G. Onarheim
 15.05.18.

